



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
15.08.2013	49860/2013	Per Olaf Brækkan/Morten Larsen

Saksnr	Utval	Møtedato
	Plannemnd for byggjeprojekt	02.09.2013
	Kultur- og folkehelseutvalet	11.09.2013
	Fylkesutvalet	30.09.2013

Sunndal tannklinikk funksjonsprogram for eventuell ny klinikk

Bakgrunn

Sunndal kommune lagde eit forprosjekt for distriktsmedisinsk senter i Sunndal, datert 29.09.09.

I det eksisterande Sunndal lege- og helsesenter vil kommunen samlokalisere kommunale legetenester og poliklinikkane saman med PP tenesta, distriktstannklinikken og politiet. Dette krev både ombygging og tilbygg på lege- og helsesenteret.

Fylkestannlegen har vore i dialog med kommunen om ei mogleg flytting av tannklinikken og Sunndal kommune har utarbeid eit funksjonsprogram datert 17.06.13.

Distriktstannklinikken i Sunndal held i dag til i nylig opprusta lokalar som er godt tilpassa verksemda og brukarane. Fylkeskommunen leiger desse areala med Sunndal kommune, og har gitt kr 1,5 millionar i tilskot til denne opprustinga. I høve til avtalen skal Sunndal kommune føre desse midlane tilbake til Fylkeskommunen dersom tannklinikken vert flytta over i det nye distriktsmedisinske senteret.

Det er ikkje gjort nokon avtalar mellom Sunndal kommune og fylkeskommunen i høve til det nye distriktsmedisinske senteret.

For å sikre at tannklinikken sine behov vert ivaretatt i eit eventuelt nytt senter har Fylkestannlegen i samarbeid med Byggje- og vedlikehaldsseksjonen utarbeidd eit funksjonsprogram inklusive detaljerte funksjonskrav til lokalar og utstyr.

Organisering

Funksjonsprogrammet har vore utarbeidd med bidrag frå følgjande personar;

Byggje- og vedlikehaldssjef	Per Olaf Brækkan
Fylkestannlege	Anthony Normann Valen
Kontorsjef	Morten Larsen
Overtannlege	Bjørn Eggen
Tannhelsesekretær	Grete Marie Gussiås

Føresetnader for funksjonsprogrammet

Det finst ikkje nokon nasjonal standard for tannklinikkar. Det er derfor opp til kvar enkelt fylkestannlege å utforme sine klinikkar på best mogleg måte for å legge til rette for mål, innhald og metodar i moderne klinikkdrift.

Nokre prinsipielle sentrale føringar er vektlagt i funksjonsprogrammet. Dette gjeld krav om universell utforming og miljøretta helsevern.

Det er i tillegg lagt vekt på stor grad av arealeffektivitet, samt at klinikken skal ha stor grad av generealitet i høve til utforming av rom og fleksibilitet i høve til endringar i arealbehov.

Klinikken er dimensjonert for i all hovudsak å tene dei lovpålagte gruppene som har krav på gratis tannbehandling i Sunndal og kringliggande kommunar.

Vurderingar

Funksjonsprogrammet som er utarbeidd av Sunndal kommune er av fylkestannlegen vurdert som utilstrekkeleg som grunnlag for å prosjektere ein ny tannklinikk i Sunndal. Det er derfor utarbeidd eit funksjonsprogram etter dei malane som er brukt i fylkeskommunen for andre byggeprosjekt.

Arealbruken i funksjonsprogrammet til Sunndal kommune er også knapp i høve til tannklinikken sine behov. Det er stilt spørsmål til om det nye lege- og helsesenteret etter utbygging vil ha plass til alle ønska funksjonar.

Distriktstannklinikane er normalt små einingar med få tilsette spreidd utover i fylket. Kostnader med å organisere vaktmeisterar i små stillingsbrøkar for alle desse klinikkane vil verte relativt store. Fylkestannlegen vurderer det derfor som ikkje hensiktsmessig å eige klinikkane med mindre dei vert lokalisert saman med annan fylkeskommunal verksemd.

Regional delplan tannhelse skal handsamast politisk i løpet av hausten 2013. Funksjonsprogrammet er utarbeidd slik at eventuelle endringar som da måtte komme enkelt kan tilpassast.

Funksjonsprogrammet vert lagt til grunn for dei avtalar fylkeskommunen eventuelt gjer med Sunndal kommune. Sunndal kommune har ikkje laga noko økonomisk analyse av prosjektet. Konsekvensar for leigekostnadar for fylkeskommunen er derfor ikkje kjend. Framlegg til løysingar vil bli lagt fram for politisk handsaming.

Forslag til vedtak:

1. Fylkesutvalet godkjenner framlagt funksjonsprogram som grunnlag for vurdering av fylkeskommunal deltaking i nytt helsesenter i Sunndal kommune.

Per Olaf Brækkan
byggje- og vedlikehaldssjef

Vedlegg

- 1 Funksjonsprogram Sunndal tannklinikk